

Snø og Snøskred i Eidsdal, Muldal og Tafjord.

Eidsdal

Eids er ein 11 km lang dal, som går i nord sud retning. I neste delen av garden går det ikkje snøskred. Først når ein kjem eit stykke opp i dal får ein skredfåre. Gardane Hesthaug, Rønneberg og Indereide vart uttekne av snøskred i februar 1679. Andre gardar har ikkje vore uttekne som nokon veit av.

Vi skal så sjå litt på dei ymse skreda, og tek til lengst sud i dalen på grensa mellom Geiranger og Eidsdal.

Lendet mellom Geiranger og Indereide.

Oppskredfonna

Oppskredfonna går ned frå Eidshornet lengst sud i dalen. Ho raser ut frå eit snautt kupert lende under toppen. Litt går fonnakvart år, men det er berre i store snøår ho går nedtil vegen. Årsaka til dette er at det oppe i fjellsida er ei stor kupe eller søkk som fonna ikkje klarer å gå over anna enn når det er store snøfall.

Når denne fonna går stor går ho rett over dalen og oppi den motsatte fjellsida.

Hesteskredfonna.

Hesteskredfonna går straks nord for Oppskredfonna. Ho går årvisst, og går ofte over vegen i store snøfall.

Rabbefonna.

Rabbefonna går nedfrå fjellet på austsida av dalen, rett mot Hesteskredfonna. Denne går helst som mjøllfonn og er til liten får ~~får~~.

Breiskredfonna.

Breiskredfonna går ned nord for Hesteskredfonna. Ho går årvisst som mjøll og kramsnøfonn, men blir til vanleg ikkje rekna for nokon fåre.

Alle disse fonnene er heilt ofårlege for bebyggelsen, men vis det

ein gong skulle verta spursmål om vinterveg mellom Geiranger og Eidsdal vil dei bli til hinder før og fåre for vintertrafikken.

Fonner langs Eidsvatnet.

Hammarbakkfonna.

Hammarbakkfonna går ned frå foten av Skårane og nedover Indereidsbøane og går av og til nedtil vgen og det har hendt at ho har gått nedtil vatnet. I februar 1679 tok denne fonna ut Indereide. Den gongen stod husa på flata nord for elva.

Siste gongen denne fona gjekk stor var vinteren 1923. Ho gjekk då nesten nedtil nyvegen.

Krokutgjelfonna.

Denne går ned frå foten av Skårane litt nord for Hammarbakkfonna. Likesom Hammarbakkfonna går ho nedover dalsida etter eit gjel, som omlag midt nedi dalsida munar ut i same gjelt som Hammarbakkfonna. I store snøfall kan denne fonna gå kraftigt nedover jordene på Indereide, men er ikkje fårleh for korkje hus eller trafikk.

Hagargjelfonna.

Frå nordenden av Eidsvatnet, nær inntil garden eide går Hagargjelfonna frå foten av Skårane. Ein vinter i åra mellom 1880-90 gjekk denne fona så langt nedover bøane på Eide at ho stoppa berre kring 100 m frå Ingebrekt Rønneberg sitt tun. Det heiter at vindauga til Ingebrikt sitt fjøs vart inntrykt av trykket.

Traes dette meiner bøndene på Eide at busetnaden er utanfor fåre, der husa står no. Det går eit sagn om at tuna på Eide ein gong har vore uttekne av snøskred. Dei meiner at vis dette er faktum må husa ha stått sud for ein stor jordhaug som ligg sudaust for tuna. Det er ålmen meining mellom bøndene på Eide at det ikkje må byggjast hus sud for denne haugen.

Sumarfjøsfonta.

Nær inntil Hagargjelfonta går Sumarfjøsfonta. Ho har fått namnet sitt avdi ho fleire gongar har rive ned nokre sumarfjøsar som står oppe på Eidebøane. Det har hendt at denne fonta har gått heilt nedi vatnet.

Rønnebergfonta.

Frå ei stor steinut urd under toppen av Skrenakkhornet, som mellom bygdefolket heiter Grotet, går denne fonta i store snøvintrar nedover fjellsida mot gardane Rønneberg og Krikane. Det heiter at for at det skal gå skred her må det leggja så store mengder snø at urda blir heilt dekt. Blir denne snøen hard og ein så får eit stort snøfall oppå dette harde underlaget er det fåre for skred. Som eit godt merke på når fonta er ventande har folket på Rønneberg og i Krikane to store steinar der fonta reiser ut. Når det legg så mykje mjølsnø oppå hardsnøen at disse steinane blir dekt kan fonta koma når som helst. I februar 1679 tok denne fonta ut alle tuna på Rønneberg. Alle folka på garden, kring 42 skulle verta drepne. Etter den tid har ikkje fonta gått så veldigt.

i dei siste 40 åra har fonta gått to gongar nedover mot garden og stopper berre kring 200 m sudvest for tunet til Bjarne Rønneberg. Far til Bjarne, Martinus Rønneberg, bygde for ein del år sidan opp ein høg mur av store steinblokker sudvest for tunet. Muren skulle tjene som fonnveren.

Vinteren 1942 kom eit så veldigt snøfall oppå hardt underlag at alt skulle ligge vel til rette for eit stort ~~snøfall~~ snøskred. Bjarne og heile huslyden låg då ei natt i kjellaren, for skuld fonnfåren.

Hesthaugfonta.

Frå Skrenakkhornet (Grotet) går det ei stor fonn nedover dalsida mot garden Hesthaug. Denne fonta kløyver seg på ein stor jordhaug som ligg nær inntil vestenden av tunet. Denne haugen er eit ovanleg godt fonnvern, og det er han som gjer det mogeleg å bo i Hesthaugen.

Fleire gongar har denne fonna gått så stor at ho har gått over bygdevegen ved Weiberg. Vinteren 1679, ifebruar, vart Hesthaugen utteker av denne fonna, husa, dyra og nesten alle folka på garden vart strauk med, berre ein ong gut vart berga. Husa stod den gongen krin loo m lenger mot sud og var såleis ikkje i ly av haugen. Fonna går årvisst nedtil bøane på Hesthaug, men ~~fekxx~~ forbi husa går ho sjelden. Trass dette torer bøndene på Kilsti ikkje brøyta over fonnlaupet når det er store snøfall. Denne fonna går både som mjøllsnø og kramsnøfonn, men det er som blandingsfonn på hardt underlag ho er kraftigast. Som blandingsfonn går ho når mjøllfonna tørnar opp i kramsnø like oppfor bøgarden denne blandinga har ei kraft og tyngde som langt overgår både kram og mjøllsnøfonna.

I 1804 gjekk gå kraftigt at ho reiv eit kvernhus og braut med ein god del skog nede ved bygdevegen ved Veiberg.

I 1870 gjekk fonna så veldugt over veggen ved Veiberg at fonnbreen vart så høg at ein frå toppen av breen kunne sjå vindauga på Hjeliane.

I 1909 gjekk ho nedtil dalbotnen, men ikkje over veggen. Siste gongen ho gjekk nedi dalbotnen ved Veiberg var våren 1916 og 1917. Etter denne tida har ikkje fonna gått retteleg stor. Asaka til dette meiner folket i Hesthaugen er at ein stor isbre som har fylt eit søkk der fonna ~~ræxerxutx~~ går over. Dette gjer at motstanden der blir nokså stor. Fonna mi sser difor her meste parten av farta si.

Garden Hesthaugd som no står i ly av ein stor haug står no heit trygt.

Muldal i Tafjord.

Frå Nordsida av dalen står Muldalsegga. På strekninga Muldal -Tafjordsætra går fjellet loddrett opptil ei høgde av 3-400 m. Ovanfor har blir fjell t flatare. Her legg det seg snøskavlar i nordvestveg. Av denne grunn går der fonnaer nesten over alt på strekninga Muldal-Tafjordsæter nesten kavrt einaste år. Avdi nesten inga av disse fonnene er til skade for busetaden i Muldal tek vi med berre dei to som går næraste tunet, Vesleskredfonna og Ripfonna.

Vesleskredfonna

Denne raser ut frå nokre svaberg på omlag 300 m høgde over dalbotnen, og går nedover ~~kavren~~ bøane til Hans Magnus Muldal. Til vanleg er fonna ikkje over 100 m brei, men i store snøvintrar kan ho gå opptil 200 m og meir. Ho går då tvert over dalen og kan gå så nær som 20-30 m frå Hans Magnus si løde.

Fonna går helst berre som mjøllfonn. Går ho som kramsnøfonn går ho berre nedtil bøgardane og ho er då ikkje fårleg. Fonna gjekk serleg kraftig i 1913 og 1942. I 1942 to gjekk ho på harddrive underlag i stilt fint ver i mars månad. Ho gjekk då som mjølsnøfonn.

Ripfonna

Ripfonna går nedover muldalbøane litt aust for Vesleskredfonna. Ho er årviss som mjøllfonn, men går ofte ikkje så langt som nedtil elva.

Heile strekninga Muldal -Tafjordsæter i ei fonn.

I første delen av mars i 1906 rasa heile fjellsida ut frå Vesleskreda og nesten opptil Tafjordsæter. Denne storfonna var så kraftig at lausesnøen vart pressa med slik kraft over til den andre dalsida at det vart laus ei fonn der og. Lausesnøen frå begge fonnene vart så pressa nedover dei trange dalen mot Muldalstunet. Pres et i tunet var så sterkt at løa til Hans Magnus vart pressa skeiv. Dette skål vera den einaste fonnskade nokon veit av i muldal.

Sødalvika.

Sødalvika.

I det bratte lendet frå Muldal og nedtil Sødalsvika ved sjøen går gardsvegen i mange svingar. Over to av desse svingane kan det av og til gå kramsnøfonner, som raser ut frå bratte svaberg under fjellfoten. Gardbrukarene i Muldal meiner at det er liten fåre i disse fonnene avdi disse går berre som kramsnøfonner og såleis sig seint nedover den skogkledde fjellsida. Det hender likevel ofte at det kan bli nokså mykje snøryddingsarbeide på vegen når fonnene er store

Snøskred i Tafjord.

Sud for Tafjordgarden står eit nokså høgt bratt fjell som heiter Nygjerfjellet. Frå toppen av dette fjellet som ligg på omlag 13-1400 m går det årvisst ei fonn som lenger nede i fjellsida deler seg i tre fonner. Disse har ymse namn som Nygjerfonna, Skredfonna og Saufonna.

Nygjerfonna

Denne går lengst mot aust og går ovte kraftigt nedover bøane i Tafjord. Den gjer til dels skade ved å føra med seg store mengder skog og stein. Ho går som regel berre ein gong om året og går då som kramsnøfonn.

Skredfonna.

Denne går nedover bøane litt vest for Nygjerfonna. Ho har ofte gått nær inntil husa, men har ikkje gjordt skade på hus. Derimot har ho ofte gjordt skade på jorda og skogen. I 1924 gjekk fonna så kraftigt at det låg att snø på jordet under fjellet heile sumaren. I åra 1924-34 var ho årviss, sidan har ho vore meir sjelden.

Bege disse fonnene er til skade og hinder for jordyrkinga. Det går ikkje an å ha opa jord her avdi fonnensnøem viile føra burt jorda.

Sufonna.

Sufonna går nedover fjellsida vest for tafjordgardane. Ho går heller sjelden og som oftast berre som kramsnøfonn. I store snøvinterar har det hendt at ho har gått nedtil sjøen.

Den gamle bebyggelsen i Tafjord står i flukt med ei fjellhammar.

Bonde Peter Tafjord gjorde meg merksam på at den gamle bebyggelesen i Tafjord står i flukt med ein stor fjellhammar høgt oppe i fjellsida. På denne hammaren kløyver Skred og Saufonna seg og det er etter hans meining denne hammaren som gjer det mogeleg å bo trygt i Tafjord. Peter Tafjord meiner at den nye bebyggelesen som står aust for sjølve tafjordgarden ikkje er trygg for fonn, vis ein får eit retteleg godt fonnår. Elias Bendik Kaldhussæter fortalde at i dei første tider han hugsa budde det nokre husmenn aust for den gamle tafjordgarden. I

store snøfall torde disse folka ikkje å liggja i sine egne hus. Dei låg då alltid i eit eller anna hus i sjølve tafjordgarden.

Stølsfonna ved Onilsavatnet.

Frå ei deld eller søkk som ligg nær toppen av Vasshornet går det årvisst ei større eller mindre fonn som går nedtil sudvestenden av Onilsavatnet. Avdi ho går over vegen er ho til hinder og fåre for trafikken til Rødal og Kaldhusdal. Fonna går som oftast frampå vårparten som mjøll, eller kramsnøfonn. Som retteleg storfonn går ho heller sjelden, men i ei bredde av kring 50 m går ho årvisst over vegen så sant det fins snø. Når ho går stor kan ho vera svært kraftig. Martin Rødal fortalde at han hadde høyrte eldre folk fortelja at lufttrykket var ein gong så kraftigt frå fonna at ho tørna over ei hengebru på den andre sida til vatnet. Lengda over vatnet er kring 700 m. Martin fortalde og at han ofte ar kjendt og høyrte kor det har knaka i husa av lufttrykket. Husa på garden til Martin står kring 700 m frå der fonna stoppar, altso der fonna går nedi vatnet. Fonna går som oftast frampå vårparten som blandingsfonn, altså når snøen er kram halveges oppover fjellsida. Mjøllsnøen styrtar då inni kramsnøen, blander seg med denne og raser nedi dalen. Siste gongen denne fonna gjekk retteleg stor var i 1909.

Kaldhusdal.

Frå Veslejordhornet sud for Kaldhusdal går det fleire fonner. To av disse kan vera fårleg for trafikken.

Veslejorda.

Denne går omlag midtveges mellom Kaldhusdal og Kaldhussætervatnet. Ho går årvisst over bygdevegen og er til stor hinder for trafikken. Elias Bendik Kaldhussæter meinte at denne fonna er ei av dei fålegaste og mest årvisse fonn i heile Tafjord. Ho går over bygdevegen i minst 2-300 m. breidde. Elias fortalde at for ein del år sidan tók ho så store snømengder nedpå vegen at det gjekk heile to sunnar før alt smelta.

Kaldhusdalfonna.

Denne fonna rasar ut frå same fjellet og neste same staden som Veslejordfonna. Når denne går stor går ho nedover dalsida og nedi dalen i omlag 2-300 m breidde. Ho raser ut på kring 1500 m .h. over dalbotnen og kan difor ofte gå med veldig kraft og styrke. I 1934 gjekk ho med så stor kraft at ho knuste 20 vindaugeruter i stova til Olav kaldhusdal. Den gongen gjekk ho som mjøllfonn i februar. Dette er einaste gongen nokon veit av at ho har gjordt skade på hus.

Kaldhussæterfonna.

Denne fonna går ned frå Storfjellet og kjem nedi dalen omlag midt mellom gardane Haugen og Kaldhussæter. Ho har ein gong teke ut eitt tun og drepe folk på Kaldhussæter. Elias Bendik Kaldhussæter seier at denne fonna går svært sjelden stor. Han fortalde at retteleg stor har ho gått berre ein gong i hans tid. Det var den store snøvinteren i 1881. Elias fortalde at den gongen førde fonna så store snømasser nedi dalen at det var oråd å sjå frå Elias sin gard Haugen til Kaldhussæter. Fonnensnøen måtte den gongen vera minst 15 m djup. Elias meinte at breidda var minst 200 m.

Fonna raser ur nær under toppen av Storfjellet 16-1700 m.h.o.h. Avdi Kaldhussæter ligg på kring 600 m, h.o.h har ho ei fallhøgde på kring 1100 ~~xxxxxx~~

RødalSæterbakkfonna

Denne fonna går ned frå nokre fjellskrede under foten av fjellet breinausa, på nordsida av dalen og går over bygdevegen. Ho går som vanleg som kramsnøfonn, og er til vanleg ikkje rekna for nokon større fåre avdi ho ikkje går i større breidde enn kring 100 m. Fonna er årviss.

Fanne.

Mellom garden Øyen og Sæterbakken ligg Fanne. Frå skredene under fjellfoten raser det kvar vinter fonar som er til hinder for trafikken. Sjølv om disse fonnene er små må dei som ferdast her om vinteren likevel syna stor varsemd når det er fonnføre. Begge fonnene går helst som kramsnøfonner. Dei kan gå mange gongar om vinteren, og er difor eit leitt hinder for folk som bor oppe i dalen. Av denne grunn har bygdefolket tenkt mykje på å gå vegen omlagd slik at han kryssa elva. Ein kunne då unngå alle fonnene.

Øvste Rødal

Ved tuna i Øvste Rødal går det trefonner som til dels har gjort skade på buskap, folk og bostad. To av disse fonnene kjem ned frå Storfjellet på sudvestsida av dalen.

Storskreda.

Lengst mot aust mellom sætra og garden går Storskredfonna i omlag 1600 m.h.o.h. Avdi dalbotnen ligg på omlag 600 m.h.o.h. har denne fonna ei fallhøgde på kring 1000 m. Gropa fonna raser utifrå er ei djup fold, som sola når lite i. Det må difor blix sumarluft før snøen glir ut herifrå. Fonna går difor til vanleg ikkje før i juni, eller juli, men ikkje så sjelden har det hendt at ho ikkje har gått før uti august og eit år gjekk ho ikkje før uti september.

Avdi det i fonnlaupet under fjellet er ovanlege gode beite, for sauer, geiter og kyr har garbrukarane gjennom tidene måtta gjete så dyra ikkje kom til skreda før fonna var gått. Kring 1870 rasa fonna ut eir morgon i juni. Alle geitene og sauene til bøndene gjekk på beite i Storskreda. Alle dyra kring 100 st. vart drepna. Sidan denne tid har bøndene gjet for fonna.

Vifonna.

Frå Storfjellet går og Vifinna. Ho raser ut nesten i toppen og går først over ei kupe, før ho raser nedover den stupbratte fjellisida og nedi dalen. Ho har omlag same fallhøgda som Størskredfonna. Elias Rødal seier at for skuld den store snø og issmeltinga dei seinaste åra har fonna minka i kraft. Årsaka til dette kjem av at den kupa fonna går over før i tida var fylt av snø og is, som låg heile året. Fonnensnøen gleid difor svært lett over her. No når nesten all denne snøen er burte blir det mykje meir motstand så fonna misser både fart og kraft. Ho er difor ikkje så fårleg som før.

Vifonna går som regel stor og kraftig. Elias Rødal seier at lufttrykket får fonna som oftast kjennest svært godt på husa, som står langt oppi bakken på den andre sida av dalen. I februar 1904 gjekk høgare enn tuna og svinga austover mot husa og gjekk så atter nedtil vatnet. Den gongen førde fonna så store masser snø nedpå vatnet at alt smelta ikkje før i slutten av august.

Den 6. januar 1944 tok fonna 15 bølgeblekkplatar av Elias Rødal si løe og slengde ein del av platone over løa til naboen. Ein del av takverket vart pressa gjennom veggen til nabøløa som stod omlag 30 m ifrå.

Fonna gå størst i nordvestlege snøfall. Ho har ikkje skadd folk, eller dyr.

Rødalsfonna.

Frå Rødalsegga på nordaustsida av dalen gjekk det for lang tid sidan som tok ut dei to tuna i Øvste Rødal. Tuna stoð den gongen mellom 200 og 300 m lemger mot aust. Bøndene i Rødal seier at det i deira tid sjelden har gått fonner her. Store fonner har aldri gått her som nokon nolevande veit om. Det må difor ha vore eit reint serhøve som har gjordt at det kunne gå så stor fonn her at ho kunne taka ut tuna.

Rødal aust for Zakariasvatnet.

Aust for Zakariasvatnet, i neste Rødal ligg ein einsleg gard som heiter Fremste Rødal, eller Jakobgarden. Her går to fonner som kan vera til fære for sjølve tunet. Den som går lengst mot vest heiter Djupdalfonna den andre Skjervløypefonna.

Djupdalsfonna.

Djupdalsfonna raser ut på austsida av toppen Breinosa og går først ned i Djupdalen. Fyl så elvefaret frå dalen ~~xxx~~ til under fjellsida. Her tek lendet så hardt mot at fonna blir bend austover mot tunet. I store snøvintrar er fonna til fære for tunet. Fonna har sprengd glasruter i stovehusa og i mars 1920 slengde lufttrykket frå fonna ei stor steinnelle som låg på skorsteinen. Fonna går sjelden, det er serleg i store snøvintrar med nordvestver ho er fårleg.

Skjervløypefonna.

Denne fonna raser ut frå toppen av Skjervløypet. Ho går svært sjelden og blir til vanleg ikkje rekna for nokon fære trass i at ho i 1910 braut inn veggen til geitfjøset til Peder Iversen Rødal, som då hadde garden. Berre ei geit vart drepa, så skaden var heller liten. Etter dette hendet sette Peder Rødal opp ein stor steinmur heilt inntil veggen bakom låa. Muren dekkjer omlag halve låa og er kring 7 m lang 3 m tjukk i foten og 1,5 i toppen. Høgda er kring 2,5m. Ein kan nok trygt gå utifrå at dette er det ~~xxx~~ første fonavern som har vore oppsett i Norddal herad.